



Arkivnr: 2017/16980-1

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen, Torbjørn Mjelstad, Nils Skavhellen, Marit Virkesdal,  
Cathrine Ø. Mellingen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		27.11.2017
Utval for opplæring og helse		28.11.2017
Fylkesutvalet		07.12.2017

## Justering av tilbudsstrukturen 2018/19 -klassesaka

### Samandrag

I denne saka vert det gjort framlegg om endringar i tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for skuleåret 2018/19. Saka dannar grunnlag for kva tilbud som skal vere råd å søkje i Vigo for komande skuleår. I mai 2018 vil fylkesrådmannen leggje fram ei sak med justeringar i tilbudsstrukturen (justeringssaka) for å få betre balanse mellom søkjarmønster og tilbudsstruktur.

Hausten 2017 er det totalt 803 ordinære klassar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. 170 ordinære klassar har mindre enn 85% oppfylling. I denne saka vert det lagt ned 8 ordinære klassar og 1 tilrettelagt klasse. Dersom ein legg ned minimum 5 ordinære klassar i justeringssaka våren 2018, vil det gje ei årleg innsparing på om lag 15 mill. kroner. I 2018 vil innsparinga vere om lag 7 mill. kroner. Behov for ytterlegare nedgang i klassetal vil avhenge av kva utdanningsprogram elevane søkjer fordi det er ulik oppfyllingsgrad mellom utdanningsprogramma.

Tilgang på læreplasser er avgjerande for at elevar skal få fullført det opplæringsløpet dei har begynt på. Arbeidslivet i Hordaland er framleis delvis ramma av nedkjølinga i aktiviteten i oljemarknaden, men det ein ser, er at det er variasjonar mellom områda i fylket. I Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er eitt av hovudprisnippa at arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft skal vere styrande for dimensjonering av utdanningstilboda. Eitt av tiltaka i planen er at det skal utviklast lokale nettverk mellom skule(ar) og arbeidsliv, dette er i tråd med bestillinga frå nasjonalt hald om utvikling av lokal samfunnskontrakt. Dette arbeidet er starta, og fylkeskommunen vil bruke prosjektet med yrkesfagkoordinatorar i utviklinga av dette.

**Økonomi:** I denne saka vert det lagt ned 8 ordinære klassar og 1 tilrettelagt klasse. Dersom ein legg ned minimum 5 ordinære klassar i justeringssaka våren 2018, vil det gje ei årleg innsparing på om lag 15 mill. kroner. I 2018 vil innsparinga vere om lag 7 mill. kroner.

**Klima:** Ingen verknader

**Folkehelse:** Ingen verknader

**Regional planstrategi:** Tiltak i saka er i tråd med vedtak i skulebruksplanen.

### Forslag til innstilling/vedtak

1. Tilbodet på RM vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Sandsli vgs	Vg1 Restaurant og matfag	+2	30
Sandsli vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	+1	15
Årstad vgs	Vg1 Restaurant og matfag	-1	-15
Årstad vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	-1	-15
Austrheim vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	-1	-15
Åsane vgs	Vg1 Restaurant og matfag	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>-1</b>	<b>-15</b>

*Tilrettelagt tilbud – desse er utanfor ordinære klassetal*

Skule	Tilbod	Gruppetal	Elevplasstal
Sandsli vgs	Tilrettelagt opplæring RM	+1	10
Årstad vgs	Tilrettelagt opplæring RM	-2	-20
<b>Netto endring</b>		<b>-1</b>	<b>-10</b>

2. Tilbudet på SS vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvinnherad vgs	Vg1 Service og samferdsel	+1	15
Kvinnherad vgs	Vg2 Sal, service og tryggleik	-1	15
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

3. Tilbudet på BA vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Odda vgs	Vg2 Byggteknikk	+1	+15
<b>Netto endring</b>		<b>+1</b>	<b>+15</b>

4. Tilbudet på TIP vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Rubbestadnes vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Sotra vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Stord vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Rubbestadnes vgs	Vg2 Maritime fag	-1	-15
Stord vgs	Vg2 Køyretøy	-1	-15
Sotra vgs	Vg2 Køyretøy	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>+1</b>	<b>+15</b>

## 5. Tilbudet på EL vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Austrheim vgs	Vg3 Automatisering	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Data og elektronikk	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Elektrofag	-1	-15
Stord vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Sotra vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Slåtthaug vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Årstad vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Stord vgs	Vg1 Studieføreb. elektrofag	+1	+15
<b>Netto endring</b>		<b>-2</b>	<b>-30</b>

## 6. Tilbudet på HO vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Nordahl Grieg vgs	Vg2 Studieførebuande Helse og oppvekstfag	+1	+30
Knarvik vgs	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget	+1	+15
Olsvikåsen vgs	Vg1 Studieførebuande Helse og oppvekstfag	+1	+30
Olsvikåsen vgs	Velsklingsmodell Ho Vg1	-2	-15
<b>Netto endring</b>		<b>+1</b>	<b>+45</b>

## 7. Tilbudet på NA vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Voss vgs	Vg3 Landbruk	+1	+15
<b>Netto</b>		<b>+1</b>	<b>+15</b>

## 8. Tilbudet på DH vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Fitjar vgs	Vg2 Interiør og utstillingsdesign	+1	+15
Årstad vgs	Vg2 Design og tekstil	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## 9. Tilbudet på ME/MK vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Amalie Skram vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Arna vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Stord vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30

Laksevåg vgs.	Vg1 Media og kommunikasjon	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg2 Media og kommunikasjon	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
Arna vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
Voss gymnas	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>-2</b>	<b>0</b>

10. Tilbudet på KDA/ST-FO vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fusa vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Knarvik vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Olsvikåsen vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Voss gymnas	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Fusa vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Olsvikåsen vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Årstad vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
<b>Netto endring</b>		<b>+1</b>	<b>+30</b>

11. Tilbudet på ST vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen katedralskole	Vg2 Studiespesialiserande	+2	+60
Bergen katedralskole	Vg3 Studiespesialiserande	+3	+90
Laksevåg vgs	Vg1 Studiespesialiserande	-2	-60
Laksevåg vgs	Vg2 Studiespesialiserande	-3	-90
Laksevåg vgs	Vg3 Studiespesialiserande	-3	-90
<b>Netto endring</b>		<b>-3</b>	<b>-90</b>

12. Tilrettelagte tilbud på ST og HO for minoritetsspråklege og innføringstilbud for minoritetsspråklege vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen katedralskole	Vg1 Studiespes. for min.språklege	-1	-15
Fyllingsdalen vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag for min.språklege	-2	-30
Åsane vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag for min.språklege	-1	-15
Bergen katedralskole	Innføringstilbud	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>-5</b>	<b>-75</b>

13. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje ned/opprette innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med behovet fram til 1. september 2018.

14. I justeringsaka i mai 2018 vert talet på ordinære klassar redusert med minst 5 eller slik at samla innsparing vert minst 7 mill. kroner i 2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.11.2017

I denne saka vert det gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for skuleåret 2018/19. Saka dannar grunnlag for kva tilbod som skal vere råd å søkje i Vigo for komande skuleår. I mai 2018 vil fylkesrådmannen leggje fram ei sak med justeringar i tilbodsstrukturen (justeringssaka) for å få betre balanse mellom søkjarmønster og tilbodsstruktur.

### Endring i søkjartal til Vg1 - elevtalsprognose

Vg1 2017/18	Vg1 2018/19	Vg1 2019/20
6 250	6 100	6 088

Hausten 2018 er det ungdom fødd i 2002 som skal begynne i vidaregåande skule. Tal frå GSI (grunnskolen sin informasjonssystem) syner at årskullet er om lag 6100. Inneverande skuleår er det om lag 270 elevar i innføringstilbod, og det er venta at om lag 250 av desse begynner i Vg1 neste skuleår. Om lag 880 elevar gjer omval på Vg1. Elevar i Etne og Sveio kommunar vel i hovudsak skuletilbod i Rogaland, medan elevar frå Gulen, Solund og Hyllestad kommunar kan velje å gå på skule i Hordaland. Samla effekt på elevtalet er kjøp av om lag 100 elevplassar. Dei private skulane har kapasitet til å ta imot om lag 1000 elevar på Vg1. Erfaring viser at desse plassane vert fylt opp.

Totalt er det venta at om lag 6400 ungdomar skal begynne i Vg1 komande haust.

Søkjargrunnlag til Vg1 hausten 2018	
Avgangskull ungdomsskulen	6 100
Elevar i innføringstilbod	250
Elevar som gjer omval på Vg1, hatt eit opphald eller er vaksne	1150
Gjesteelevar netto kjøp	-100
Elevtal Vg1 i private skular	-1000
<b>Venta elevmasse Vg1</b>	<b>6400</b>

Vi kan forvente at om lag 6400 ungdomar begynner på Vg1 ved ein av fylkeskommunen sine vidaregåande skular komande haust. Inneverande år starta om lag 6500 elevar på Vg1. Det er grunn til å rekne med at talet på ungdommar som begynner i Vg1, vert om lag 100 lågare enn i inneverande skuleår. Det betyr at fleire ungdommar som har brutt utdanninga si no kan kome attende og ha rett til å få fullføre vidaregåande skule. Dette kan føre til høgare elevtall hausten 2018 er det som ein har rekna med ovanfor. Dette vil fylkesrådmannen kome attende til i justeringssaka våren 2018.

	Vg1 2017/18	Vg1 2018/19	Vg1 2019/20
Region Vest	1 633	1 485	1 538
Region Bergen Sør	1 494	1 483	1 600
Region Bergen Nord	1 262	1 242	1 190
Region Bergen sentrum	515	551	494
Region Sunnhordland	813	847	750
Region Voss og Hardanger	533	492	516
<b>Totalt</b>	<b>6 250</b>	<b>6 100</b>	<b>6 088</b>

Størrelsen på ungdomskullet varierer mellom regionane. Det er venta størst nedgang i Region Vest der det kan sjå ut til at det vert om lag 150 færre Vg1-elevar enn i inneverande skuleår. I Stor-Bergen flyttar elevane seg mellom regionane slik at nedgang i ungdomskullet eitt år ikkje nødvendigvis vil ha verknad berre for skulane i eigen region. Tradisjonelt reiser elevar frå Region Vest til sentrum for å gå på skule.

### Dimensjonering

Hausten 2017 er det totalt 803 ordinære klassar. 170 ordinære klassar har mindre enn 85% oppfylling. Tabellen under gjev regionvis oversyn over tal ordinære klassar, tal ordinære klassar med under 85% oppfylling og kor stor del av totalt klassetal som har under 85% oppfylling.

Region	Tal ordinære klassar	Tal ordinære klassar under 85%	Andel ordinære klassar under 85%
Bergen Nord	150	34	23 %
Bergen sentrum	133	14	11 %
Sunnhordland	106	33	31 %
Bergen Sør	184	34	18 %
Bergen Vest	147	25	17 %
Voss/Hardanger	83	30	36 %
<b>Totalt</b>	<b>803</b>	<b>170</b>	<b>21 %</b>

I ny budsjettmodell som gjeld frå hausten 2018, blir ressursane til skulane i hovudsak tildelt basert på tal ordinære klassar. Det er tidlegare fatta vedtak om at det i utgangspunktet skal vere 85% oppfylling for at ein klasse vert sett i gang. Ut frå ein økonomisk ståstad har det tradisjonelt likevel vorte oppretta for mange ordinære klassar med lågare kapasitetsutnytting enn kravet på 85%. Strammare økonomiske rammer gjer at det i samband med budsjett 2018 er foreslått å spare 7 millionar kroner ved å redusere talet ordinære klassar med låg oppfylling. Sidan ein slik reduksjon for skuleåret 2018/2019 berre vil gje haustverknad i 2018, er det naudsynt å redusere tal ordinære klassar betrakteleg meir enn det som er foreslått i denne saka. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til kva ordinære klassar ein foreslår å ikkje starte etter prognoseinntaket i mars 2018. Det vil våren 2018 dessutan bli gjort ei evaluering av den nye budsjettmodellen for dei vidaregåande skulane. Ein vil her blant anna vurdere korleis ein definerer ein klasse som utløyser budsjettmidlar, og om det i større grad er mogleg å tenkje samdrift mellom ordinære klassar der elevtalet er så lågt at det i utgangspunktet ikkje er grunnlag for å opprette klassane.

I denne saka vert det lagt ned netto 8 ordinære klassar og 1 tilrettelagt klasse. Dersom ein netto legg ned minimum 5 ordinære klassar i justeringssaka våren 2018, vil det gje ei årleg innsparing på om lag 15 mill. kroner. I 2018 vil innsparinga vere om lag 7 mill. kroner. Behov for ytterlegare nedgang i klassetal vil avhenge av kva utdanningsprogram elevane søkjer, fordi det er ulik oppfyllingsgrad mellom utdanningsprogramma.

Tabellen syner endring i klassetal og elevplasstal pr utdanningsprogram.

Utdanningsprogram	Nto endring klassetal	Nto endring elevplasstal
Restaurant og matfag (RM)	-1	-15
Restaurant og matfag (RM)- tilrettelagt tilbod	-1	-10
Service og samferdsel (SS)	0	0
Bygg og anleggsgfag (BA)	+1	+15

Teknikk og industriell produksjon (TIP)	+1	+15
Elektrofag (EL)	-2	-30
Helse og oppvekstfag (HO)	+1	+45
Naturbruk (NA)	+1	+15
Design og handverk (DH)	0	0
Media og kommunikasjon (ME)(MK)	-2	0
Kunst, design og arkitektur (KDA)(STFO)	+1	+30
Studieførebuande utdanningsprogram (ST)	-3	-90
Musikk, dans og drama (MDD)	0	0
Idrettsfag (ID)	0	0
Tilrettelagte tilbud studieførebuande og helsefag for minoritetsspråklege samt innføringstilbud for minoritetsspråklege	-5	-75
<b>Sum netto endring</b>	<b>-9</b>	<b>-100</b>

Regionvis fordelar endringane seg slik:

Region	Tal ordinære klassar hausten 2017	Endring	Tal ordinære klassar hausten 2018
Bergen Nord	150	-2	148
Bergen sentrum	133	+1	135
Sunnhordland	106	+1	106
Bergen Sør*	184	+3	187
Bergen Vest	147	-13	133
Voss/Hardanger	83	+2	85
<b>Totalt</b>	<b>803</b>	<b>-8</b>	<b>795</b>

\*I tillegg kjem 1 klasse tilrettelagt på RM

### Oppfylingsgrad - kapasitet

Oppfylingsgrad varierer mellom dei ulike utdanningsprogramma, mellom regionane og mellom skulane. Ved dei studieførebuande utdanningsprogramma er det rekna kapasitet pr klasse på 30 elevar. Det er spesielt på utdanningsprogramma MDD, KDA og ME at det er låg oppfylling i klassane, men også her varierer oppfylingsgraden mellom regionane og skulane. Region Voss/Hardanger har generelt lågare oppfylingsgrad enn dei andre regionane.

På dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er det rekna kapasitet pr klasse på 15 elevar. På dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er oppfylingsgraden jamnare.

I samband med evalueringa av den nye budsjettmodellen våren 2018 vil ein blant anna vurdere korleis ein definerer ein klasse som utløyser budsjettmidlar, og om det i større grad er mogleg å tenkje samdrift mellom ordinære klassar der elevtalet er så lågt at det i utgangspunktet ikkje er grunnlag for å opprette klassane.

Tabellane under syner oppfylingsgrad på utdanningsprogramma regionvis.



	ST	ID	MDD Dans	MDD Drama	MDD Mus- ikk	KDA	ME 1)	PB
Region Nord	86 %	92 %					87 %	83 %
Region sentrum	95 %					83 %	85 %	99 %
Region Sunnhordaland	83 %	90 %			60 %		67 %	98 %
Region sør	99 %	95 %	89 %		100 %	90 %	90 %	84 %
Region Vest	93 %	89 %		70 %		88 %	63 %	88 %
Region Voss/Hardanger	86 %	67 %			40 %	23 %	17 %	82 %

	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TP	AO
Region Nord	95 %	100 %	96 %	99 %		77 %	95 %	93 %	104 %
Region Sentrum		100 %	96 %	106 %		117 %	114 %	93 %	111 %
Region Sunnhordaland	84 %	100 %	96 %	99 %	118 %	77 %	85 %	91 %	91 %
Region Sør	96 %		95 %	96 %	103 %	85 %	97 %	94 %	93 %
Region Vest	97 %	100 %	97 %	103 %		97 %	87 %	94 %	100 %
Region Voss/Hardanger	102 %	56 % <sup>2)</sup>	96 %	95 %	109 %	87 %	93 %	79 %	113 %

1) I disse tala ligg MK Vg3 som ikkje er eit aktuelt tilbod hausten 2018.

2) Regionen har ikkje Vg1 tilbod på DH

### Utvikling i tal læreplassar i utvalde fag

Tilgang på læreplasser er avgjerande for at elevar skal få fullført det opplæringsløpet dei har begynt på. Vi har ikkje ei systematisk og god oversikt over behovet til arbeidslivet, men baserer stort sett prognosane på tidlegare års inntak av lærlingar. Konjunktursvingingar kan vere vanskeleg å fange opp i desse sakene, og derfor vil det kunne dukke opp behov for alternative slutttopplæringsløp frå tid til anna.

Arbeidslivet i Hordaland er framleis delvis ramma av nedkjølinga i aktiviteten i oljemarknaden, men det ein ser, er at det er variasjonar innan fylket. Vi veit mellom anna at Sunnhordlandsregionen slit med å finne nok lærlingar innan industrifag, medan søkjarar til læreplass i Stor-Bergen framleis slit innan dei same faga. Dette løyser fylkeskommunen med å tilby Vg3 i skule for desse faga.

Den lokale forankringa både i høve til søkjarmønster og rekrutteringsmønster gjer dette krevjande. I Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er eitt av hovudprinsippa at arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft skal vere styrande for dimensjonering av utdanningar. Eitt av tiltaka i planen er at det skal utviklast lokale nettverk mellom skule(ar) og arbeidsliv, dette er i tråd med bestillinga frå nasjonalt hald om utvikling av lokal samfunnskontrakt. Dette arbeidet er starta, og fylkeskommunen vil bruke prosjektet med yrkesfagkoordinatorar i utviklinga av dette.

Tabellen under syner samanheng mellom elevtal på Vg2 og venta tilgang på læreplasser innanfor nokre utvalde utdanningar/utdanningsprogram

	Lærekontraktar		Elevar i Vg2
	2016	2017	2017/18
Byggteknikk	269	288	244
EI-energi	244	236	323
Barne og ungdomsarbeidar	175	169	322
Helsearbeider	208	211	380
Kjøretøy	101	99	146
Industriteknologi	180	160	179
Ikt-servicefag	46	43	60
Maritime fag	110	114	109
Klima energi og miljø (Røyr, ventilasjon, blikk)	101	81	26
Kokk og servitør	115	88	87
Frisør	119	82	51
Salg, service og sikkerheit	95	79	118
Transport/logistikk	48	49	41
Automasjon*	47	48	69
Data og elektronikk*	10	8	15
<b>Sum</b>	<b>1868</b>	<b>1755</b>	<b>2170</b>

Tabellen syner samanheng mellom inngåtte lærekontraktar i 2016 og så langt i 2017. Dette illustrerer til ein viss grad behovet for læreplassar. Om lag 28% av kontraktane som er inngått i 2016 og så langt i 2017, er utanfor 2+2-modellen ( 2 år i skule og 2 år i lære). Dvs. at ungdomen har gått 0 eller 1 år på skule før dei går ut i lære, eller dei har gått vekslingsmodell eller er TAF-elevlar. Dette er bransjane sine verkemiddel for å få tak i lærlingar. Denne delen er høgare i Hordaland enn i dei fylkeskommunane det er naturleg å samanlikna seg med, t.d. Rogaland. Dette speglar i nokon grad dimensjoneringsutfordringane i Hordaland. Også innan elektro er det ein del som teiknar kontraktar med lærlingar som ikkje kjem frå Vg2, men denne delen er langt lågare enn t.d. i byggfaga. Likevel vert det teikna mellom 15 og 20 slike kontraktar kvart år.

Generelle konjunktursvingingar kan påverke tilgangen på læreplassar. I tillegg til dette kjem sjølv sagt ungdommen sitt søkjarmønster, som ikkje alltid er i samsvar med samfunnet sitt behov for arbeidskraft. Det er også viktig å hugse på at frå det året eleven går ut frå ungdomsskulen og vel utdanningsprogram, er det to år til ein skal inngå lærekontrakt og fire år før ein er ferdig utdanna. I mellomtida kan konjunkturane og tilgangen på læreplassar ha endra seg betydeleg. Det vil alltid vere utfordrande for opplæringstilboda i den vidaregåande skulen å tilpasse seg hurtige, og ofte kortvarige konjunktursvingingar i høve til klasse-/elevtal ved dei ulike utdanningsprogramma.

Endringar over tid er det lettare å planleggje for, og det er nettopp det ein ønskjer å gjere i denne saka, spesielt i høve til tilgangen på læreplassar innanfor elektrofaga.

### Rett til eitt av tre utdanningsprogram

Sjølv om behovet for å tilpasse utdanningstilbodet til næringslivet sitt behov er stort, må ein likevel alltid ta omsyn til at søkjarane frå ungdomsskulen har ein lovfesta rett til inntak ved eitt av tre valde utdanningsprogram. Så lenge søkjarane har så sterke rettar, vil det vere utfordrande for fylkeskommunen å tilpasse tal på elevplassar til venta tal på tilgjengelege læreplassar to år etter.

### Endringar i tilbodsstrukturen hausten 2018

Framlegg til endringar i tilbodsstrukturen vert presentert pr. utdanningsprogram. Hovudvurderingane som ligg til grunn er

- Konsekvensar av vedtak som vart gjort av fylkesutvalet i tilsvarande sak, desember 2016.
- Tilbod som vart lagt ned i samband med prognoseinntaket våren 2017, blir som hovudregel forsøkt oppretta att året etter, dvs. for skuleåret 2018/2019.
- Tilbod som vart oppretta i samband med prognoseinntaket våren 2017, kan medføre vidareføring av utdanningsløpet til Vg2 eller Vg3.
- Tilpassing til næringslivet sitt behov for arbeidskraft og venta tilgang på læreplassar
- Oppfølging av strukturendring av utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon, dvs. nedlegging av Vg3 gamal struktur, avvikling av tilbodet på Laksevåg vgs og oppretting av Vg3 studieførebuande struktur.
- Oppfølging av strukturendring av utdanningsprogrammet Studiespesialisering m/formgjevingsfag, dvs. nedlegging av Vg3 Formgjevingsfag og oppretting av Vg3 Kunst, Design og arkitektur (KDA).
- Utviding av studieførebuande tilbod i utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag.
- Flytting av dei studieførebuande tilboda frå Laksevåg vgs. til Bergen Katedralskole.
- Samling av RM-tilbodet på Sandsli vgs.

Endringar i tilbodsstrukturen ved ein skilde skular kan, i tillegg til punkta ovanfor, vere omfatta av og gjennomført på grunnlag av vedtatt skulebruksplan, og kjem difor ikkje med i saksframstillinga nedanfor.

### Restaurant- og matfag (RM)

Utviklinga innan RM er i Hordaland lik med resten av landet. Søkjartala går ned og bransjen slit med å rekruttere nok arbeidskraft. Det må arbeidast tett med bransjen for å få ungdom til å velje desse faga i framtida.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 RM på 7 vidaregåande skular (Voss vgs, Fitjar vgs, Sotra vgs, Åsane vgs, Årstad vgs, Austrheim vgs. og Sandsli vgs).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
19	-1	-15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevpl.tal
Sandsli vgs	Vg1 Restaurant og matfag	+2	30
Sandsli vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	+1	15
Årstad vgs	Vg1 Restaurant og matfag	-1	-15
Årstad vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	-1	-15
Austrheim vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	-1	-15
Åsane vgs	Vg1 Restaurant og matfag	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>-1</b>	<b>-15</b>

**Tilrettelagt tilbod – desse er utanfor ordinære klassetal**

Skule	Tilbod	Gruppetal	Elevplasztal
Sandsli vgs	Tilrettelagt opplæring RM	+1	10
Årstad vgs	Tilrettelagt opplæring RM	-2	-20
<b>Netto endring</b>		<b>-1</b>	<b>-10</b>

I «klassesaka» i desember 2016 vart Vg1 Restaurant og matfag ved Austrheim vgs. lagt ned frå skuleåret 2017/2018. Dette var også i samsvar med vedtak i skulebruksplanen. Som følge av dette blir Vg2 Kokk- og servitørfag lagt ned frå skuleåret 2018/2019 sidan skulen ikkje lenger har søkjargrunnlag frå Vg1 Restaurant og matfag. I skulebruksplanen vart det fatta vedtak om at RM-tilboda ved Åsane vgs, Årstad vgs og Austrheim vgs skulle flyttast til Sandsli vgs. Ved denne flyttinga vil vedtaket i skulebruksplanen vere gjennomført.

Det er stor trong for arbeidskraft i bransjen, og det er kapasitet til å ta inn fleire lærlingar. Dei vidaregåande skulane har kapasitet til å utvide tilbodet dersom interessa for faga veks.

**Service og samferdsel (SS)**

Dette programområdet har ulike utfordringar. Når det gjeld IKT-servicefag, har tilgangen på læreplassar vore mindre enn talet på elevar som har fullført Vg2 IKT-servicefag. Fylkeskommunen har dei tre siste åra gitt tilbod om Vg3 i skule for denne gruppa elevar. Skuleåret 2017/18 er det noko nedgang i elevtalet på Vg2

IKT-servicefag, og det bør no nærma seg balanse mellom læreplassstilbod og trong for læreplassar.

Logistikk- og transportbransjen får ikkje dekka sitt behov for lærlingar. Det er særleg innan persontransport (buss) det er trong for fleire lærlingar. I dag er det tilbod innan transport og logistikk på Knarvik vgs. og Os vgs. Kapasiteten ved desse skulane kan utvidast ved behov.

I faga kontor og administrasjon, salsfaget og sikkerheitsfaget er det god balanse mellom læreplassstilbod og trong for læreplassar.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 SS på 10 vidaregåande skular (Amalie Skram vgs, Bømlo vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Os vgs, Sotra vgs, Stend vgs, Stord vgs (berre Vg2 IKT), Tertnes vgs og Voss gymnas).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
30	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Kvinnherad vgs	Vg1 Service og samferdsel	+1	15
Kvinnherad vgs	Vg2 Sal, service og tryggleik	-1	15
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

På grunn av lågt søkjartal vart Vg1 Service og samferdsel ved skulen lagt ned etter prognoseinntaket våren 2017. Skulen har difor ikkje søkjargrunnlag til Vg2 Sal, service og tryggleik skuleåret 2017/2018, og tilbodet vert tilrådd lagt ned. Dette utdanningstilbodet har vore mykje «av og på» ved Kvinnherad vidaregåande

skule. Fylkesrådmannen har vurdert å ikkje tilrå ny-oppretting av Vg1 service og samferdsel-tilbodet frå hausten 2018. Årsaka til at dette likevel blir gjort, er at årskullet av 10.-klassingar frå kommunen aukar med 10 elevar komande skuleår. Skulen sine andre Vg1-tilbod er godt oppfylt, så det vil truleg vere grunnlag totalt sett for å auke klassetalet ved skulen. Skulle det til våren 2018 likevel vise seg at det ikkje er søkjargrunnlag, vil fylkesrådmannen truleg ikkje gjere framlegg om ny-oppretting dei komande åra.

### Bygg og anleggsgfag (BA)

Hovudbiletet innan BA er at næringslivet ikkje får dekkja det behovet ein har for arbeidskraft. Tal lærekontraktar aukar innan fleire fag, og tømrrarfaget ligg an til å bli det største lærefaget i Hordaland i 2017. Om lag 50% av kontraktane innan desse områda er teikna med avvikande løp; det betyr at det er læreløp med tre eller fire års lengde. Krav til lærlingar i offentlege anbod aukar også presset på bransjane om å ta inn lærlingar.

EBA har varsla at dei ønskjer å starte opp privatskule innan byggfaga, og dette vil kunne påverke fylkeskommunens tilbod. EBA har fått konsesjon, men har så langt ikkje sagt noko om tidspunkt for oppstart av tilbodet.

Fylkeskommunen har kapasitet til å utvide tilbodet ved våre skular dersom det kjem ein auke i søkjartalet.

Hordaland har over fire år gjennomført forsøk innan vekslingsmodellen. I tømrrarfaget har dette vore ein suksess. Forsøket er avslutta, men skulen og bransjen vil drive dette tilbodet vidare innanfor det handlingsrommet som skulane har. Det er sjølv sagt ein føresetnad at det er læreplassar til elevane ved tilboda. Dette er også i tråd med regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Anleggsmaskinførarlinja på Os vgs er eit landslinjetilbod. Tilbodet har 60 elevplassar. Linja rekrutterter elevar både frå TIP og BA. Om lag 50% av elevane kjem frå TIP. Anleggsmaskinbransjen melder at det er trong for minst ein klasse til. Det er nok søkjarar, og det bør vurderast ei framtidig utviding av tilbodet. Utviding av tilbod vil ikkje få landslinjegodkjenning, og utvidinga må dekkast av fylkeskommunale midlar. Fylkesrådmannen vil ta dette opp til vurdering i tilbodsstruktursaka hausten 2018.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 BA på 13 vidaregåande skular (Arna vgs, Askøy vgs, Austrheim vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Laksevåg vgs, Odda vgs, Os vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Voss vgs og Åsane vgs).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
53*	+1	+15

\*inkludert 3 klassar i vekslingsmodell og 4 klassar TAF.

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Odda vgs	Vg2 Byggteknikk	+1	+15
<b>Netto endring</b>		<b>+1</b>	<b>+15</b>

Søkjargrunnlaget til utdanningsprogrammet Bygg og anleggsteknikk ved Odda vidaregåande skule har vore ujamnt dei siste åra. Det var såleis ikkje søkjargrunnlag frå Vg1 til å oppretthalde Vg2 Byggteknikk for skuleåret 2017/2018. I inneverande skuleår var det ved skulestart full klasse på Vg1 Bygg- og anleggsteknikk. Det gir grunnlag for å tru at det vil vere mogleg å få opp att Vg2 Byggteknikk frå hausten 2018, og fylkesrådmannen innstiller difor på dette.

### Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Arbeidslivet i Hordaland er framleis ramma av nedkjølinga i aktiviteten i oljemarknaden, men det er variasjonar innan fylket. Vi kan mellom anna sjå at i Sunnhordlandsregionen slit bedriftene med å finne nok lærlingar innan industrifaga, medan søkjarar til læreplass i Stor-Bergen framleis slit med å finne læreplassar i dei same faga. Underdekninga av læreplassar vert løyst ved å tilby Vg3 i skule i desse faga. Den lokale forankringa både i høve til søkjarmønster og rekrutteringsmønster gjer det krevjande å tilpasse utdanningstilbodet til behovet i næringslivet.

TIP er eit stort og relativt uoversiktleg programområde, der elevane kan velje mellom nesten 80 lærefag. Innan køyretøy er det ei utfordring at det dei siste åra har vore trong for tilbod om Vg3 i skule - lette køyretøy for at elevane skal få fullført utdanninga si. Talet på læreplassar innan køyretøy er stabilt, og det kan gje grunnlag for å redusere talet på Vg2-tilbod.

Vi har dei siste åra sett at elevane i større grad vel Vg2 køyretøy enn Vg2 industriteknologi. Dette har mellom anna påverka tilgangen på lærlingar m.a. innan industriteknologi i Sunnhordland. I dag er det berre 12 elevar som går på Vg2 industriteknologi på Stord. Fylkesrådmannen rår difor til at Vg2 køyretøy på Stord vgs vert lagt ned. Vidare bør ein også leggje ned ein klasse Vg2 maritime fag på Rubbestadnes vgs. Elevane får då færre val, og fleire vil truleg velje Vg2 industriteknologi.

Det kan sjå ut til at det også på Sotra vgs bør leggjast ned ein klasse på Vg2 køyretøy og at vi heller gjev tilbod om Vg2 industriteknologi. Det er ikkje mogleg å sjå om oljenedturen er over eit år fram i tid, men som nemnt over, ser ein at arbeidsmarknaden har snudd kraftig i Rogaland, og vi ser dei same tendensane i Sunnhordland. Det er difor ikkje urimeleg å tru at det vil snu lengre nord i fylket over litt tid.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 TIP på 19 vidaregåande skular (Askøy vgs, Austevoll vgs, Austrheim vgs, Bergen maritime vgs, Fusa vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Laksevåg vgs, Kvam vgs, Odda vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Rubbestadnes vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Voss vgs, Årstad vgs og Åsane vgs).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
95*	+1	+15

\*inkludert 10 klassar TAF

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Rubbestadnes vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Sotra vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Stord vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Rubbestadnes vgs	Vg2 Maritime fag	-1	-15
Stord vgs	Vg2 Køyretøy	-1	-15
Sotra vgs	Vg2 Køyretøy	-1	-15
<b>Netto</b>		<b>+1</b>	<b>+15</b>

Ved inntaket i 2017 var søkjartalet til Vg1 Teknikk og industriell produksjon nærare 40% lågare enn i 2014. Alt i 2017 vart det lagt ned ein del ordinære Vg-klassar innanfor dette utdanningsprogrammet, og særleg gjekk dette ut over rekrutteringa til oljerelaterte fag, både til lands og til havs. Talet på klassar innanfor Vg2

Industrieteknologi vart særleg råka av nedgangen, og dette førte m.a. til større søking enn ønskjeleg til «landbaserte fag» som Vg2 Køyretøy. Fylkesrådmannen ønskjer å opprette industrieteknologitilboda att for skuleåret 2018/2019. Årsaka er at det er grunn til å tru at det i 2018 blir større søkjargrunnlag til desse tilboda, men også at ein treng større breidde i Vg2-tilboda ved det største utdanningsprogrammet i høve til læreplassar og lærefag. Ein må likevel vere budd på at det totalt sett etter prognoseinntaket til våren må leggjast ned fleire Vg2-klassar ved dette utdanningsprogrammet.

Rubbestadnes vgs har i mange år gitt tilbod om Vg2 Industrieteknologi og Vg2 Maritime fag i utdanning. Også denne skulen har fått redusert talet på elevplassar på Vg1 TIP fordi talet på søkjarar har blitt mindre. Fram til 2015 hadde skulen normalt 3 klassar Vg1 TIP. Med to Vg1-klassar skal det i utgangspunktet ikkje vere elevgrunnlag til 3 klassar på Vg2, ein på Industrieteknologi og to på Maritime fag. Sjølv om det til det sistnemnde programområdet kjem søkjarar frå andre delar av fylket - noko som gjer det lettare å få fylt opp desse to klassane - rår fylkesrådmannen til at ein klasse maritime fag vert lagt ned. Samstundes vert det oppretta ein klasse Vg2 Industrieteknologi fordi ein ventar at søkjartalet tek seg opp att. Signala frå Sunnhordland seier at det vil vere læreplassar for dei som er ferdige med Vg2 Industrieteknologi våren 2019.

Vg2 Industrieteknologi vart lagt ned ved Askøy videregående skole etter prognoseinntaket våren 2017. Dette skuldast den generelle nedgangen i søkinga til Vg1 Teknisk og industri, og særleg til oljefagbaserte Vg2-tilbod som Industrieteknologi. Etter nedlegginga av Vg2 Industrieteknologi har ikkje skulen Vg2-tilbod innanfor utdanningsprogrammet TIP. Dette bør sjølvstendig ikkje halde fram over tid. Næringsgrunnlaget på Askøy tilseier at det er trong for denne type utdanning både i gode og litt trongare tider. Det er difor viktig å få oppretta Vg2 Industrieteknologi att ved skulen. Dersom skulen over litt lengre tid ikkje har Vg2-tilbod, vil dette også svekke det generelle søkjargrunnlaget til Vg1 TIP.

Også Sotra vgs fekk svekka søkjargrunnlaget til Vg2 Industrieteknologi våren 2017. Søkjartalet vart så lite at tilbodet vart lagt ned. For berre få år sidan var dette det mest populære programområdet innanfor Vg2 TIP. Det er klart at næringslivet på Sotra treng arbeidskraft innanfor dette området. Skulen har 3 klassar på Vg1 TIP, så grunnlaget for å få opp att Vg2 Industrieteknologi bør absolutt vere til stades. Det vil vere for smalt, og lite næringsvennleg, at skulen berre har elevgrunnlag til Vg2 Køyretøy innanfor dette utdanningsprogrammet. Det vil vere ønskjeleg ut frå at det er avgrensa tal læreplassar innanfor bilfaga, og at det er signal som tyder på at arbeidsmarknaden for dei som fullrører Vg2 Industrieteknologi er i betring.

For å tilpasse Vg2-tilbodet til trongen i næringslivet vert 1 klasse Vg2 køyretøy lagt ned ved Stord vgs, og det vert oppretta 1 klasse til Vg2 industrieteknologi. Skulen vil då vere tilbake til det klassetalet ved dei to programområda som har vore vanleg dei siste åra.

### **Elektrofag (EL)**

Dette utdanningsområdet har vore krevjande å dimensjonere over lang tid. I år er situasjonen for dei som er ferdig med Vg2, verre enn nokon gong før. Det var over 100 elevar som stod utan læreplass i haust. Det er difor naudsynt å setje i gang tilbod om Vg3 i skule innan elektrofag. Totalt 45 elevar startar opp på Vg3 i skule hausten 2017. Det er mange faktorar som spelar inn i dette biletet. Delar av utdanningsområdet er prega av oljenedturen, og dette gjeld spesielt innan automasjonsbransjen. Ein god del av elevane som har gått Vg3 automasjon (avviksfag), har søkt seg ut i elektrikarlære. I 2017 vart det oppretta eit nytt tilbod maritim elektrisk, og her går det 13 elevar. Bransjen melder at dette er eit fornuftig tal, og har behov for eit slikt tal med lærlingar. Også dette tilbodet er eit avviksfag der elevane går 3 år i skule og eitt år i lære for å få fagbrev.

Ut frå tilgangen på læreplassar, og ikkje minst elevane sine faglege føresetnader til å gjennomføre eit så krevjande utdanningsprogram, må ein innsjå at talet på elevplassar har vore for høgt. Fylkesrådmannen vil likevel minne om elevane sine rettar etter ungdomsskulen som seier at dei har rett til å få plass på eitt av tre utdanningsprogram. Innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram er det gjerne Bygg og anleggsteknikk, Elektrofag og Teknisk og industriell produksjon som skil seg ut som dei «tunge» yrkesfaga.

Søkjarmønsteret til elevane som kjem ut frå ungdomsskulen, har også endra seg dei siste åra. Dei søker no i større grad fleire skular på sitt primære utdanningsprogram, t.d. Elektrofag, og «heng på» ein søknad til andre program med eitt eller to skuleønskje fordi dei «får beskjed frå rådgjevar om å gjere dette».

Fylkesrådmannen vil likevel ikkje seie at talet på plassar berre er tilpassa søkjartalet. Dette er eit komplisert felt. Dersom ein elev får tilbod om plass på eit program som ho/han ikkje er interessert i, vil sjølv sagt faren for å avbryte utdanninga vere større og/eller at ein gjer omval av program for å prøve å få plass på det primære programmet året etter.

I tillegg til dette er det viktig at ungdommen i heile Hordaland får tilgang til å søkje flest moglege utdanningsvegar utan å måtte flytte på hybel. Eit så stort utdanningsprogram som Elektrofag er det naturleg å opprette ved dei største tettstadene i fylket.

På bakgrunn av dette skil det seg likevel ut to hovudutfordringar ved inntaket til Elektrofag:

- For mange elevplassar totalt i fylket i høve til læreplassar
- For mange fagleg svake elevar får plass på eit krevjande utdanningsprogram

Dei to punkta ovanfor heng også saman. Fagleg svake elevar får i mindre grad læreplass, og får tilbod om eit krevjande Vg3 år i skule for å kunne gå opp til ein fagprøve som ikkje er sertifikatgjevande slik ein vanleg fagprøve er det. Ved å gjere ein heller moderat reduksjon i talet på elevplassar vil dette føre til fleire fagleg sterke elevar. Dette kan oppmuntre bedriftene til å ta inn litt fleire lærlingar, og dermed blir det oppnådd ein såkalla vinn-vinn-situasjon.

Fylkesrådmannen tilrår i denne saka at 4 skular som har 3 klassar Vg1 Elektrofag i inneverande skuleår, får redusert klassetalet til 2 frå hausten 2018. Dette vil gjere at skulane kan oppretthalde fagmiljøet ved skulen, og ikkje minst gje grunnlag for vidare tilbod innanfor Vg2, noko som er svært vanskeleg om ein vel å redusere klassetalet frå 2 til 1 ved andre skular. Alternativet til dette igjen vil vere å leggje ned tilbodet ved einskildskular, men det vil gå mest ut over skular utanfor Bergensregionen. Eit «tungt» yrkesfag som Elektrofag bør vere tilgjengeleg for søkjarane i alle regionar av fylket, slik at mange slepp å flytta heimanfrå.

I justeringssaka i vår bør det også vurderast om ein skal leggje ned ein klasse på Vg2 elektro på Årstad. I Indre Hordaland bør det også vurderast om ein skal gjere endringar. Vg2-elektroløpa i Odda og Kvam bør fasast ut i 2019, samstundes som ein satsar på 2 Vg2-klassar på Voss vgs. Parallelt bør Vg1-tilbodet ved Voss vgs reduserast med 1 klasse. Voss vgs har fått tilsett yrkesfagkoordinator, og denne bør nyttast til å sikre alle elevane i Indre Hordaland læreplass i elektrofaga.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 EL på 17 vidaregåande skular (Askøy vgs, Austrheim vgs, Bergen maritime vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Laksevåg vgs, Kvam vgs, Odda vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Rubbestadnes vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Voss vgs, Årstad vgs og Åsane vgs)

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
79*	-2	-30

\*Inkludert 3 klassar EL med studieførebuande og 4 klassar med TAF

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevpl.tal
Austrheim vgs	Vg3 Automatisering	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Data og elektronikk	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Elektrofag	-1	-15



Stord vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Sotra vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Slåtthaug vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Årstad vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Stord vgs	Vg1 Studieføreb. elektrofag	+1	+15
<b>Netto</b>		<b>-2</b>	<b>-30</b>

Vg2 Automatisering ved Austrheim vgs vart oppretta att i fylkesutvalet i desember 2016, etter å ha blitt lagt ned på grunn av lågt søkjartal våren 2016. Skulen hadde etter dette ikkje elevgrunnlag til Vg3 Automatisering skuleåret 2016/2017. Automatiseringsfaget er eit såkalla «avviksfag», dvs. at ein er elev i skule både i Vg2 og Vg3 før ein inngår lærekontrakt. Skulen har i inneverande skuleår full klasse på Vg2 Automatisering, og det er difor naudsynt å gje tilbod om Vg3 skuleåret 2018/2019.

Vg2 Data- og elektronikk vart lagt ned ved Askøy vgs etter prognoseinntaket våren 2017. Talet på primærsekkjarar til dette programområdet har over fleire år vore lågt, men likevel akkurat høgt nok til at tilbodet har blitt oppretthalde. I Hordaland er det berre Årstad vidaregående skole som tilbyr det same programområdet. Når ein i vår såg søkjartalet til dette programområdet samla for dei to skulane, vurderte ein det slik at det ikkje var grunnlag for å oppretthalde tilbodet på Askøy vidaregående skole. For ein skule som Askøy vgs er det viktig å ha eit så breitt Vg2-tilbod som mogleg. Fylkesrådmannen ønskjer difor å opprette Vg2 Data og elektronikk att ved skulen for skuleåret 2018/2019. Skulle det heller ikkje no bli søkjargrunnlag til tilbodet, må ein nok truleg innsjå at dette programområdet ikkje er interessant for ungdommen i noverande form.

Som tidlegare omtala er det for mange elevplassar innanfor Elektrofag i høve til læreplassar. Fylkesrådmannen tilrår difor å leggje ned ein av tre ordinære klassar Vg1 Elektrofag ved Stord vgs, Sotra vgs, Slåtthaug vgs og Askøy vgs og dessutan å opprette ein klasse Studieførebuande Elektrofag (tre-årig løp) ved Stord vgs. Dette tilbodet har ein dei siste åra hatt på Laksevåg vidaregående skole. Tilbodet er tilrettelagt for søkjarar som tek sikte på høgare utdanning med ei praktisk tilnærming. Det er godt søkjargrunnlag til dette tilbodet på Laksevåg vidaregående skole, og fylkesrådmannen har stor tru på at dette også vil bli eit attraktivt tilbod for søkjarar i Sunnhordlandsregionen. Fylkesrådmannen tek atterhald om godkjenning av forsøksordning for studieførebuande elektrofag. I tillegg til at elevane på dette tilbodet som hovudregel ikkje skal ha læreplass, vil ein truleg på litt sikt kunne redusere talet på klassar ved Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs. Fylkesrådmannen meiner at studieførebuande yrkesfag kan bli eit godt alternativt tilbod ved fleire skular dei komande åra.

### Helse og oppvekst (HO)

Dette utdanningsprogrammet er prega av at mange elevar vel påbygg som sluttkompetanse. Vi har langt fleire elevar enn læreplassar, men når ein veit at berre om lag 30% av elevane vel å gå ut lære, gjev ikkje det grunn til uro.

Fylkeskommunen har også prøvd ut vekslingsmodell (VM) innan helse og oppvekst, men det er ikkje noko stort ønskje om å fortsette med denne modellen. Snarare vert det ytra ønskje om å styrkje det gode samarbeidet som har utvikla seg mellom aktørane innan 2+2-ordninga. Det blir ikkje gjort inntak til Vg1 Vekslingsmodell HO på Olsvikåsen.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 HO på 21 vidaregåande skular (Arna vgs , Askøy vgs, Austevoll vgs, Austrheim vgs, Bømlø vgs, Fitjar vgs, Fusa vgs, Fyllingsdalen vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Nordahl Grieg vgs, Kvam vgs, Odda vgs, Olsvikåsen vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Voss gymnas, Årstad vgs og Åsane vgs).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
123*	+2	+60

\*inkludert 2 klassar HO studieførebuande, 8 klassar TAF og 6 klassar VM.

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Nordahl Grieg vgs	Vg2 Studieførebuande HO	+1	+30
Knarvik vgs	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget	+1	+15
Olsvikåsen vgs	Vg1 Studieførebuande HO	+1	+30
Olsvikåsen vgs	Vekslingsmodell HO - Vg1	-2	-30
<b>Netto</b>		<b>+1</b>	<b>+45</b>

Det vert gjort framlegg om oppretting av Vg2 Studieførebuande Helse og oppvekstfag ved Nordahl Grieg vgs. Dette er ei vidareføring av at Vg1 Studieførebuande Helse og oppvekstfag vart oppretta frå hausten 2017. Tilbodet gjeld programområda Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Ved Olsvikåsen vgs vert det gjort framlegg om oppretting av Vg1 Studieførebuande Helse og oppvekstfag. Mange av elevane på utdanningsprogrammet Helse og oppvekstfag vel å ta Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs framfor fagutdanning etter to år i skule. Desse elevane ønskjer å få studiekompetanse for å kvalifisere seg til høgare utdanning, særleg innanfor helse-/oppvekstsektoren. Nordahl Grieg videregående skole fekk godkjent treårig studieførebuande Helse og oppvekstfag av fylkesutvalet i desember 2016. Det er svært stor interesse for tilbodet, men det har ikkje gått ut over søkjargrunnlaget til ordinært Vg1 Helse og oppvekstfag. Snarare tvert imot er det framleis auke i søkjartalet til dette utdanningsprogrammet.

Erfaring frå Nordahl Grieg videregående skole så langt i skuleåret er at det er sterke faglege og motiverte elevar. Alt no er det grunn til å tru at fråfallet frå dette tilbodet vil bli vesentleg lågare enn til det ordinære kurset. Det viktigaste er likevel at ein no kan få fleire elevar inn som ønskjer ei fagutdanning fordi det nye tilbodet frigjer plassar for denne elevgruppa. Fylkesrådmannen tek atterhald om godkjenning av forsøksordning for studieførebuane helsefag.

Ved Knarvik vgs vert det oppretta Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag. Programområdet ligg under utdanningsprogrammet Helse og oppvekstfag (HO), men søkjarar frå Vg1 Design og handverk (DH) kan også søkje, «kryssløp» mellom utdanningsprogramma. Skulen har ein klasse Vg1 DH, men det er ikkje søkjargrunnlag til Vg2-tilbod ved dette programmet. For å styrkje breidda av tilbod innanfor HO tilrår difor fylkesrådmannen å opprette Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget ved skulen. Ut frå at skulen har fire Vg1 klassar HO og i tillegg ein klasse Vg1 DH, skulle det vere godt grunnlag for eit slikt tilbod.

Fylkesrådmannen trur ikkje at ei slik oppretting vil få konsekvensar for elevgrunnlaget ved nærliggjande skular, t.d. Austrheim vidaregåande skule. Det er fleire årsaker til dette, m.a. at elevane stort sett ønskjer å halde fram ved same skule i Vg2 også innanfor yrkesfaga, men særleg fordi det i år er fleire elevar ved Vg1 HO enn nokon gong tidlegare. Det er såleis grunn til å tru at det uansett må opprettast fleire Vg2-klassar i Bergensområdet etter prognoseinntaket 2018.

Ved Osterøy vgs vart Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget (BU) lagt ned ved skulen våren 2017 på grunn av lite søkjargrunnlag. Dette var ikkje overraskande fordi skulen ikkje lenger gjev tilbod om Vg1 Design og handverksfag som gjev rom for kryssløp til Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Rekrutteringsgrunnlaget til Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget vil no berre vere frå ein klasse Vg1 Helse- og oppvekstfag (HO). Det er svært lite truleg at skulen får søkjargrunnlag til ein klasse Vg2 BU berre frå ein klasse Vg1.

Fylkesrådmannen tilrår difor at tilbodet som vart lagt ned våren 2017, ikkje blir forsøkt oppretta att frå det komande skuleåret.

### Naturbruk (NA)

Vg3 Landbruk vart lagt ned ved Voss vgs våren 2017 grunna lågt søkjargrunnlag. Dette er eit programområde som fører fram til yrkeskompetanse etter tre år agronomutdanning. Tilbodet har hatt vekslende søkjargrunnlag dei siste åra, men i 2017 vart det for lite søkjarar til at tilbodet kunne oppretthaldast. Ut frå elevtalet ved skulen i Vg2 er det grunn til å tru at det melder seg nok søkjarar att til skuleåret 2018/2019. Fylkesrådmannen tilrår difor at tilbodet blir oppretta att. Det er viktig å oppretthalde eit tilbod som gir yrkeskompetanse innanfor landbruket.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 NA på 4 vidaregåande skular (Austevoll vgs, Fusa vgs, Stend vgs og Voss vgs).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
31*	+1	+15

\*inkludert 4 klassar på TAF.

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss vgs	Vg3 Landbruk	+1	+15
<b>Netto</b>		<b>+1</b>	<b>+15</b>

### Design og handverk (DH)

Vg1 Design og handverk (DH) er eit «smalt» utdanningsprogram med relativt få programområde vidare til Vg2 og Vg3/lærefag. Vg1 DH gir kompetanse til å søke inntak ved Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget i utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag (HO). Dette gjer at søkjargrunnlaget til Vg2 DH blir avgrensa.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 DH på 5 vidaregåande skular (Fitjar vgs, Årstad vgs, Knarvik vgs, Voss gymnas og Sotra vgs).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
16*	0	0

\*inkludert 2 klassar på VM.

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fitjar vgs	Vg2 Interiør og utstillingsdesign	+1	+15
Årstad vgs	Vg2 Design og tekstil	-1	-15
Årstad vgs	Vekslingsmodell DH Vg1	-1	-15
Årstad vgs	Vekslingsmodell DH vg1	+1	+15
<b>Netto</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

Fijtar vgs har lang tradisjon for utdanningstilbod innanfor estetiske fag. Fylkesrådmannen tilrår difor at Vg2 Interiør og utstillingsdesign blir oppretta att for skuleåret 2018/2019, men ser ikkje bort frå at søkjargrunnlaget blir så pass lågt at tilbodet blir lagt ned etter prognoseinntaket våren 2018. I så fall må ein vurdere om skulen i det heile tatt skal ha Design og handverk som utdanningstilbod frå hausten 2018.

Fylkesrådmannen tilrår at Vg2 Design og tekstil ved Årstad vgs blir lagt ned fordi det ikkje er lære plassar i faget. Det har i fleire år har vore oppretta Vg3 i skule innan Kjole- og draktsyarfaget som alternativ til lære plass. Dette er eit svært dyrt tilbod, og talet på elevar som oppnår fagbrev etter eitt år, er relativt lågt. I tillegg til dette er det ein svært liten arbeidsmarknad for dei som fullfører utdanninga.

Fylkeskommunen har også prøvd ut vekslingsmodell (VM) innan frisørfaget, men det er ikkje grunnlag for å vidareføre modellen. Det blir ikkje gjort inntak til Vg1 Vekslingsmodell DH på Årstad vgs.

### Media og kommunikasjon (ME)/(MK)

Media og kommunikasjon vart eit studieførebuande utdanningsprogram frå hausten 2016. Vg3 Medium og kommunikasjon, yrkesfagleg struktur, blir lagt ned neste haust, medan det vert oppretta Vg3 Medium og kommunikasjon, studieførebuande struktur, med same klassetal som i Vg2, skuleåret 2017/2018,

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 ME på 5 vidaregåande skular (Amalie Skram vgs, Arna vgs, Laksevåg vgs, Nordahl Grieg vgs og Voss gymnas).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
16	-2	-60

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Amalie Skram vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Arna vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Laksevåg vgs.	Vg1 Media og kommunikasjon	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg2 Media og kommunikasjon	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-30
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-30
Arna vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-30
Voss gymnas	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-30
<b>Netto endring</b>		<b>-3</b>	<b>-90</b>

Det er vedteke at ME-tilbodet ved Laksevåg vgs skal avviklast hausten 2018. Elevane har fått lovnad om at dei skal få plass på Nordahl Grieg vgs eller Amalie Skram vgs. Elevtala frå Vg1 og Vg2 ved dei tre skulane tilseier at det kan vere nødvendig å opprette ekstra klassar ved Nordahl Grieg vgs eller Amalie Skram vgs. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i justerings saka i vår.

**Kunst design og arkitektur( KDA)/(ST-FO)**

Vg3 Formgjevingsfag (ST-FO) blir lagt ned på grunn av ny struktur og namneendring til Kunst, design og arkitektur (KDA). Vg3 Kunst, design og arkitektur blir oppretta med same tal ordinære klassar som i Vg2, skuleåret 2017/2018.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 KDA på 4 vidaregåande skular (Fusa vgs, Olsvikåsen vgs, Voss gymnas og Årstad vgs).

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
11	+1	30

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fusa vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Knarvik vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Olsvikåsen vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Voss gymnas	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Fusa vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Olsvikåsen vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Årstad vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Totalt		+1	+30

Formgjevingsfagtilbodet ved Tertnes vgs vart lagt ned etter skuleåret 2016/17, og elevane som skulle begynne på Vg3 formgjevingsfag på Tertnes vgs hausten 2017, vart overført til Knarvik vgs og Olsvikåsen vgs.

**Idrettsfag (ID)**

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen på ID.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 ID på 6 vidaregåande skular (Odda vgs , Sotra vgs, Stend vgs, Stord vgs, U.Pihl vgs/Tertnes vgs og Voss gymnas).

Klassetal:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
28	0	0

**Studiespesialiserande utdanningsprogram (ST)**

Hausten 2017 vert dei studieførebuande tilboda ved Laksevåg vgs avvikla. Studiespesialiserande utdanningsprogram vert overført til Bergen katedralskole. Elevane som går i Vg1 og Vg2 ved Laksevåg vgs, er lova plass ved Bergen Katedralskole hausten 2017.

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
261*	0	0

\*inkludert toppidrett på Tertnes og påbygging

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen katedralskole	Vg2 Studiespesialiserande	+3	+90
Bergen katedralskole	Vg3 Studiespesialiserande	+3	+90
Laksevåg vgs	Vg1 Studiespesialiserande	-2	-60
Laksevåg vgs	Vg2 Studiespesialiserande	-3	-90
Laksevåg vgs	Vg3 Studiespesialiserande	-3	-90
<b>Netto endring</b>		<b>-2</b>	<b>-60</b>

#### Klassetal og framlegg til endringar:

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 spesielt tilrettelagde tilbod til minoritetsspråklege og innføringstilbod på 11 vidaregåande skular (Bergen katedralskole, Fyllingsdalen vgs, Åsane vgs, Årstad vgs, Stord vgs, Fusa vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Olsvikåsen vgs, Sotra vgs og Voss gymnas )

#### Tilrettelagte tilbod for minoritetsspråklege ST og HO

Ved Bergen katedralskole er det eit tilbod som er spesielt tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar innan ST. Ved Fyllingsdalen vgs og Åsane vgs er det same type tilbod innan HO. Desse tilboda kan verke segregerande, og tilboda vert difor foreslått lagt ned frå hausten 2018. Det er venta at elevane vil søkje seg til ordinære tilbod.

Det er framleis stor usikkerheit om behovet for innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar for neste skuleår. Arbeidsinnvandringa frå Aust-Europa har nesten stoppa opp, og det er grunn til å tru at også talet på asylsøkjjarar som skal inn i vidaregåande skule frå hausten 2018, vil bli lågare enn i 2017. Særleg er det grunn til å tru at innføringsklassane utanfor Bergensområdet får for lite søkjartal til at tilboda kan oppretthaldast ved alle skulane. På grunn av denne uvissa rår fylkesrådmannen til at det blir gitt fullmakt til å leggje ned, eventuelt opprette klassar i samsvar med behovet fram til 1. september 2018. Sjølv om den formelle søknadsfristen for inntak til innføringsklassane er 1. februar, er det slik at denne gruppa elevar kjem til landet ut over heile året. Det vil difor vere urimeleg å avvise desse og la dei gå gjerandslause i eitt og eit halvt år på grunn av ein søknadsfrist.

	Tal klassar hausten 2017	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
Innføringsklasse	18	-1	-15
Spesielt tilrettelagde tilbod minoritetsspråklege*	6	-4	-60
Sum	24	-5	-75

\*3 klassar på Bergen Katedralskole (E-klasse vg1-vg3), 3 klassar HO Vg1 på Fyllingsdalen og Åsane.

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen katedral skole	Vg1 Studiespes. for min.språklege	-1	-15
Fyllingsdalen vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag for min.språklege	-2	-30
Åsane vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag for min.språklege	-1	-15
Bergen katedral skole	Innføringsklasse	-1	-15
Totalt		-5	-75

### Musikk dans og drama (MDD)

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen på MDD.

Hordaland tilbyr skuleåret 2017/18 MDD på 4 vidaregåande skular (Langhaugen vgs, Fyllingsdalen vgs, Stord vgs og Voss gymnas).

Klassetal:

Tal ordinære klassar	Endring kl.tal	Endring elevpl.tal
17	0	0

### Oppsummering

Med utgangspunkt i elevtalsprognose, kapasitet og oppfylingsgrad vert det i denne saka fremja forslag om å leggje ned 8 ordinære klassar og 1 tilrettelagt klasse. Fylkesrådmannen har rekna ut at det ut frå elevtalsprognose og oppfylingsgrad bør vere rom for å leggje ned netto minimum 5 klassar til. Kvar det er rom for ytterlegare nedlegging, vil vere avhengig av elevane sitt søkjemønster, og fylkesrådmannen kjem attende til dette i justeringssaka i mai 2018.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, MDG, V, Frp, og H fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga:

Vedk. tabell i starten

Endring Årstad og Sandsli

- Minus 1 på kvar av Vg1 og Vg2 på Årstad , og auke med 1 på Vg1 og Vg2 på Sandsli Restaurant og matfag

Fylkesutvalet vil på sikt sjå på moglegheita for å utvide tilbodet på Langhaugen med ein ekstra klasse med fordjuping i musikk. Fylkesrådmannen blir beden om å greie ut når og korleis ein slik auke kan gjennomførast.

Fylkesutvalet ber om at fylkeskommunen utøver fleksibilitet ved planlegging av tilbodsstrukturen i forhold til arbeidslivet sine dokumenterte behov. Dersom det ved intensjonsavtalar mellom skule og lærebedrift/opplæringskontor kan dokumenterast behov og klare mål, forpliktande samarbeid om lære plassar, må dette vurderast i forkant av frist for annonsering i Vigo. Viser særleg til Vg2 Kjøretøy ved Stord vgs og Vg2 maritime fag ved Rubbestadneset vgs.

Endringar:

Fylkesutvalet vedtek at Vg 2 Design og Tekstil på Årstad vert vidareført.

Vidare ber fylkesutvalet administrasjonen om å kome attende med sak om moglegheit for å få til ei landslinje. Nabofylka bør inviterast inn i prosessen.

Nytt punkt 12:

I spørsmål om dei internasjonale klassane, viser fylkesutvalet til kontrollutvalet sitt oppfølgingsarbeid av forvaltningsrevisjon av opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar. Det er naudsynt med ein full gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt tilbod til denne gruppa. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om dette.

Dei internasjonale klassane skal gjerast søkbare i Vigo komande skuleår, men der det vert gjort naudsynte justeringar for å sikre at tilbodet er i tråd med opplæringslova. Fylkesrådmannen vert beden om å rapportere attende til politisk nivå om dette arbeidet tidleg 2018.

Det må snarast mogeleg settast i gang eit arbeid med å gjennomgå ordninga for språkkartlegging og inntak til dei aktuelle utdanningstilboda. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om korleis dette skal gjennomførast. Her må fylkesrådmannen, i lag med kontrollutvalet, vurdere å framskunde delar av oppfølgingsarbeidet som skissert i handlingsplanen til kontrollutvalet datert 03.11.2017.»

### **Røysting**

Innstillinga med Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

I neste års klassesak ønskjer fylkesutvalet eit vedlegg til saka som syner fordeling av utdanningsprogram og tal på parallelar på skulane.

Fylkesutvalet vedtek fylkesrådmannen sitt forslag med følgjande endringar:



Årstad vgs	Vg1 Restaurant og matfag	- 1	- 15
Årstad vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	- 1	- 15
Sandsli vgs	Vg1 Restaurant og matfag	+ 1	15
Sandsli vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	+ 1	15
Austrheim vgs	Vg1 Restaurant og matfag	+ 1	15
Rubbestadneset vgs	Vg2 Maritime fag	+ 1	15
Stord vgs	Vg2 Kjøretøy	+ 1	15

Fylkesutvalet vil på sikt sjå på moglegheita for å utvide tilbodet på Langhaugen med ein ekstra klasse med fordjuping i musikk. Fylkesrådmannen blir beden om å greie ut når og korleis ein slik auke kan gjennomførast.

Fylkesutvalet ber om at fylkeskommunen utøver fleksibilitet ved planlegging av tilbodsstrukturen i forhold til arbeidslivet sine dokumenterte behov. Dersom det ved intensjonsavtalar mellom skule og lærebedrift/opplæringskontor kan dokumenterast behov og klare mål, forpliktande samarbeid om lære plassar, må dette vurderast i forkant av frist for annonsering i Vigo. Viser særleg til Vg2 Kjøretøy ved Stord vgs og Vg2 maritime fag ved Rubbestadneset vgs.

Endringar:

Fylkesutvalet vedtek at Vg 2 Design og Tekstil på Årstad vert vidareført.

Vidare ber fylkesutvalet administrasjonen om å kome attende med sak om moglegheit for å få til ei landslinje. Nabofylka bør inviterast inn i prosessen.

Endring punkt 6:

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget vert ikkje oppretta ved Knarvik vgs.

Nytt punkt 12:

I spørsmål om dei internasjonale klassane, viser fylkesutvalet til kontrollutvalet sitt oppfølgingsarbeid av forvaltningsrevisjon av opplæringsstilbodet til minoritetsspråklege elevar. Det er naudsynt med ein full gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt tilbod til denne gruppa. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om dette.

Dei internasjonale klassane skal gjerast søkbare i Vigo komande skuleår, men der det vert gjort naudsynte justeringar for å sikre at tilbodet er i tråd med opplæringslova. Fylkesrådmannen vert beden om å rapportere attende til politisk nivå om dette arbeidet tidleg 2018.

Det må snarast mogeleg settast i gang eit arbeid med å gjennomgå ordninga for språkkartlegging og inntak til dei aktuelle utdanningstilboda. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om korleis dette skal gjennomførast. Her må fylkesrådmannen, i lag med kontrollutvalet, vurdere å framskande delar av oppfølgingsarbeidet som skissert i handlingsplanen til kontrollutvalet datert 03.11.2017.»

Punkt 14 vert stroke.

Fylkesutvalet viser til at Vg2 maritime fag framleis skal vere søkbart tilbod ved Rubbestadneset. Dersom det vil vere nok søknad til å fylla to klassar, ber fylkesutvalet om at det vert oppretta to klassar også komande skuleår».

Fylkesutvalet viser til at Vg2 maritime fag framleis skal vere søkbart tilbod ved Rubbestadneset. Dersom det vil vere nok søknad til å fylla to klassar, ber fylkesutvalet om at det vert oppretta to klassar også komande skuleår.

Fylkesutvalet ber om at det vert gjort ei særskilt vurdering av anleggsgartnarfaget fram mot neste års  
klassemak.



FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dato: 28.11.2017  
Vår ref.: 2017/16980-3  
Saksbehandlar: sunschu  
Dykkar ref.:

## Spørsmål om tolking av opplæringslova §§ 8-2 og 3-12

I møte i Utval for opplæring og helse 28.11.2017 vart det i sak PS 119/2017 om Justering av tilbudsstrukturen 2018/19-klassemåla stilt spørsmål om korleis opplæringslova §§ 8-2 og 3-12 skal tolkast.

Bakgrunnen for saka er at dagens tilbod om særskilt språkopplæring ikkje er i tråd med regelverket. Deloitte gjennomførte ein forvaltningsrevisjon med Hordaland fylkeskommune sitt opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar med behov for særskilt språkopplæring. Rapporten vart levert i mai 2017 og har vore handsama i fylkestinget i juni 2017. Fylkestinget vedtok oppfølging av rapporten i 11 punkt, mellom anna at ein skal lage ein handlingsplan for oppfølging. Denne handlingsplanen skal handsamast i kontrollutvalet onsdag 29. november 2017.

Fylkesdirektør opplæring tolkar opplæringslova slik at elevar må kartleggast før eventuelt vedtak om særskilt språkopplæring etter oppl. § 3-12 vert fatta, jf. oppl. § 3-12 (4). Dersom tilbodet om særskilt språkopplæring skal skje i særskilt organisert opplæringstilbod, jf. oppl. § 3-12 (5) andre setning, må dette vere fastsett i enkeltvedtaket. Etter enkeltvedtak føreligg, kan vedtak om inntak verte gjort. Vidare kan slikt særskilt organisert opplæringstilbod vere i inntil to år, jf. oppl. § 3-12 (5) fjerde setning. Eit treårig tilbod vil vere i strid med oppl. § 3-12.

Fylkesdirektør opplæring tolkar opplæringslova slik at elevar har rett til å gå i ein klasse og at organiseringa til vanleg ikkje skal skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr, jf. oppl. § 8-2. Der ein organiserer elevar i klassar basert på at dei har enkeltvedtak om særskilt språkopplæring etter oppl. § 3-12, vil dette ikkje vere i strid med oppl. § 8-2.

Er dette korrekt lovtolking av oppl. §§ 3-12 og 8-2?

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Sunniva Schultze-Florey  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Lenkjer:

Fylkestinget si handsaming av Deloitte si forvaltningsrevisjon 13.06.2017, sak PS 34/2017  
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=558>

Kontrollutvalet si handsaming av handlingsplanen 29.11.2017, sak PS 123/2017  
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=647>

Utdanningsdirektoratet si artikkel om saksgongen for særskilt språkopplæring: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/minoritetsspraklige/regleverk-som-gjelder-spesielt-for-minoritetsspraklige/sarskilt-sprakopplaring/Hvem-er-de-minoritetsspraklige-elevene/>

Utdanningsdirektoratet si rettleiar «Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklige elever – veileder og eksempelsamling» <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Minoritetsspraklige/Veileder-Innforingstilbud-til-nyankomne-minoritetsspraklige-elever/>

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon Hordaland fylkeskommune Tilbodet til minoritetsspråkelge elevar Deloitte

**Notat**Dato: 06.12.2017  
Arkivsak: 2017/16980-4  
Saksbehandlar: sunschu

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring  

---

**Notat om tilbudet til elevar frå språklege minoritetar**

På bakgrunn av vårt brev med spørsmål om tolking av lova 28. november, inviterte Fylkesmannen i Hordaland til eit møte 5. desember. Basert på dette møtet er ein komen fram til at det er to lovlege praksisar innanfor følgande rammer: Det er to hovudmodellar for særskilt språkopplæring;

- særskilt språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar heimla i opplæringslova § 3-12
- tilrettelagt treårig løp for elevar frå språklege minoritetar heimla i Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv 1-2017 om fag og timefordeling i vidaregåande skule.

**Særskilt språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar**

Heimel: opplæringslova § 3-12

<https://lovdata.no/NL/lov/1998-07-17-61/§3-12>

Vilkår for ordninga

- Ikkje tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære opplæringa

Sakshandsaming:

- Kartlegging av dugleik i norsk
- Vedtak om særskilt språkopplæring i form av særskilt organisert opplæringstilbod
  - Innhald, kva slags språkopplæring (her kan ein lage eit opplegg for heile klassen over to år), fag/timefordeling, val av læreplan
  - Organisering, i det særskilt organiserte opplæringstilbodet
  - Eventuell morsmålsopplæring
  - Eventuell to-språkleg fagopplæring
- Vedtak må fattast før inntak

Vedtak vert fatta kvart år, basert på kartlegging.

Elevane skal kartleggjast undervegs. Når dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære undervisninga, skal det fattast vedtak om at dei ikkje lenger har rett til særskilt språkopplæring. Ordninga kan gå i inntil 2 år.

Elevar med enkeltvedtak etter § 3-12 kan få inntil 2 år ekstra tid i vidaregåande skule etter oppl. § 3-1 (5).

Denne ordninga kan nyttast på alle studieprogram. Etter dei 2 åra, skal elevane som går studieførebuande, over i ordinære klassar, men dei kan få ulike tilpassingar basert på deira behov. Skulen kan t.d. nytte omdisponering av timar etter 280-timarsmodellen.

## Tilrettelagt treårig løp på studieførebuande for elevar frå språklege minoritetar (280-timars modellen)

Heimel: Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv Udir 1-2017 under pkt 3.3

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Innhold-i-opplaringen/udir-01-2017/vedlegg-1/3vgo/#3.2regler-vgo>

Vilkår for ordninga:

- Eleven fyller ved inntaket dei generelle vilkåra for inntak i oppl. § 3-1
- Mangelfull norsk grunnskoleopplæring på grunn av få års opphald i landet
- Ein språk- og kulturbakgrunn som er fjern frå den norske og som medfører behov for særleg tilrettelegging ut frå dette
- Føresetnader for å kunne ta vidaregåande opplæring og oppnå studiekompetanse på tre år ut frå denne tilrettelegginga

Sakshandsaming:

- Kartlegging av dugleik i norsk og eleven sitt faglege nivå. Avgjerande om eleven har høve til å oppnå studiekompetanse på 3 år med denne omdisponeringa
- Enkeltvedtak om inntak
- Behovet for omdisponering må vurderast kvart år, og ordninga kan gå over 3 år
- Tilhøyrse til ei ordinær klasse. I dei enkelte faga med styrking av språkopplæring kan ein gå i egne grupper

I tillegg kan desse elevene, dersom det er aktuelt:

- Få opplæring etter læreplan i norsk for språklege minoritetar med kort butid i Norge (jf. punkt 1.5)
- Nytte den privatistordninga som er gjort greie for under fellesfaget framandspråk
- Om naudsynt få opplæring etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar (jf. punkt 1.5)

Denne ordninga med omdisponering kan berre nyttast på studieførebuande utdanningsprogram.

## Inndeling i klassar

Opplæringslova § 8-2 slår fast at elevane skal delast i klassar som skal ivareta deira behov for sosialt tilhøyr. Vidare kan ein til vanleg ikkje dele elevane inn i grupper etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov.

<https://lovdata.no/NL/lov/1998-07-17-61/§8-2>

### Kunnskapsdepartementet sin rettleiar til § 8-2

Kunnskapsdepartementet har laga ein rettleiar til opplæringslova § 8-2. På side 3 står det om unntaket heimla i «til vanleg»:

«Både innenfor klassen/basisgruppen og i andre grupper der opplæring gis i deler av tiden, gjelder kravet om at organiseringen "til vanleg" ikke skal skje etter faglig nivå, kjønn eller etnisk tilhørighet. Uttrykket "til vanleg" angir det som er lovens utgangspunkt og hovedregel, men det gir også rom for at det kan gjøres unntak fra dette. Spørsmålet blir derfor hva dette nærmere innebærer. Departementet legger til grunn at lovens utgangspunkt kan fravikes i konkrete tilfeller når det foreligger tilstrekkelig tungtveiende elevhensyn. I denne forbindelse må en ha et bevisst og

gjennomtenkt forhold til hvordan opplæringen organiseres. Det er viktig at det over tid ikke utvikler seg en praksis der lovens fellesskapsintensjon blir undergravet.»

Unntaka i «til vanleg» vil etter dette gjelde for kortare tidsrom, og avgrensa omfang. Permanente ordningar med klasseinndeling etter t.d. etnisk tilhøyr og fagleg nivå, vil vere i strid med § 8-2.

Rettleiaren finn de her:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/f94154aa3d2b491ba1ac2f7f658cb019/veiledning-om-organisering-av-elevene\\_oppdatert-april-2017.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/f94154aa3d2b491ba1ac2f7f658cb019/veiledning-om-organisering-av-elevene_oppdatert-april-2017.pdf)

#### Klagesak om nivådifferensierte grupper

Ved Kastellet skole i Oslo hadde dei nivådelt elevane i faga engelsk, norsk og matematikk i periodar. Dette vart det klaga på, og Fylkesmannen kom til at ordninga var i strid med § 8-2. I klagesaka skriv Utdanningsdirektoratet følgjande om § 8-2:

«Utdanningsdirektoratet mener at vurderinger etter opplæringsloven § 8-2 første ledd, må gjøres som en helhetsvurdering og at organiseringen av elevane ikke kan ha større omfang enn at elevenes sosiale tilhørighet er ivaretatt. Etter Utdanningsdirektoratets vurdering skal nivådeling i for eksempel mestringsgrupper kun skje etter behov. Dette skal ikke innebære en fast og etablert praksis gjennom hele skoleåret.»

Utdanningsdirektoratet kom til at skulen si nivådifferensiering var lovleg. Dette vert grunngeve med at delinga ikkje er fast for den einkilde elev, delinga er innan nokre einkilde fag, ein har jamlege, systematiske evalueringar, og elevane si plassering i dei einkilde gruppene vert til ei kvar tid vurdert etter elevane sine behov.

For elevar i det tilrettelagte treårige tilbudet etter 280-timarsmodellen vil klassetilhøyret vere til ordinære klassar, men i einkilde fag og i kortare periodar kan ein organisere undervisninga annleis.

Vedtaket i klagesaka er publisert her:

<https://www.udir.no/Upload/Tilsyn/2013/Kastellet.pdf?epslanguage=no>

Rundskrivna F-18/03 og F-26/03 vert nemnt under oppl. § 8-2. Desse omhandlar klassesdelingstalet og tidsressurs til kontaktlærer og er ikkje relevante i denne samanhengen.

#### Kartlegging

Det er utvikla kartleggingsverktøy som sikrar at fylkeskommunen skal kunne fylle si plikt til kartlegging etter § 3-12. På NAFO, nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring sine nettsider finn ein tre ulike kartleggingsverktøy

- Språkkompetanse i grunnleggende norsk
- Kartlegging av leseferdighet på morsmål
- Kartlegging av skolefaglige ferdigheter

<http://nafo.hioa.no/grunnskole/kartleggingsverktoy/>